

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
048/22	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	04.05.2022
041/22	Formannskapet	PS	04.05.2022
044/22	Heradsstyret	PS	11.05.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pelle Engeseter	21/2563

## Vedtak av planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2035

### Vedlegg:

Uttale til høring og offentlig ettersyn av planprogram kommuneplanen sin arealdel - Osterøy kommune

Høring - planprogram - Osterøy - kommuneplanen sin arealdel

NVE si fråsegn - Framlegg til planprogram - Innspel til planarbeid - Revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2035 - Osterøy kommune

Osterøy kommune

Høringsuttalelse til planprogram for kommuneplanens arealdel

Fråsegn til høring og offentlig ettersyn for planprogram kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 - Osterøy kommune

Planprogram til Kommuneplanen sin arealdel. Merknad.

Høringsuttale til planprogram for kommuneplanens arealdel til Osterøy kommune

Høringsuttale til planprogram for kommuneplanens arealdel til Osterøy kommune

Ulvsnæsøy - Innspill til ny kommuneplan for Osterøy 11.04.2022

KPA Planprogram - Innspill/merknad - Ulvsnæsøy AS

Merknadsskjema til planprogram-KPA-enkelt

Planprogram KPA\_HØYRINGSDOKUMENT\_revidert etter høring\_2704

Planprogram KPA\_HØYRINGSDOKUMENT\_revidert etter høring\_2704-merka tekst

Fråsegn til planprogram om kommuneplanen sin arealdel 2023-2035

KPA arbeidsdeling - innstilling frå PTU 04.05.22

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Planprogrammet for KPA vert vedteke slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.**

### Plan- og kommunalteknisk utval - 048/22

#### **PL - behandling:**

Utvalslaiaren gjorde slikt fellesframlegg på vegne av utvalet:

"Rådmannen sitt framlegg til planprogram for KPA vert vedteke med følgjande endringar:

-Tilleggspunkt i lista nedst på side 20:

--Kartleggja relevant omsynsbehov for elvemusling som grunnlag for både planar og framtidige tiltak i kommunen, gjerne som del av temaplan for naturmangfald.

-Til pkt. 4.1.: KDP for idrett og fysisk aktivitet må inkludera tilrettelegging for mindre idrettar og uorganisert aktivitet, som t.d. motorsport, hestesport osv..

-Endring av andre avsnitt under 6.1.:

«Dei kommunalt folkevalde skal trekkast aktivt inn i planprosessen. Dette er viktig både for å sikre ein god prosess, men og av di det medverkar til at dei folkevalde får eigarskap til planen. Involvering vil skje gjennom etablering av ei politisk styringsgruppe og ei politisk arbeidsgruppe. Heradsstyret er politisk styringsgruppe, medan medlemmer frå plan- og kommunalteknisk utval (PT-utvalet), samt ein representant med vararepresentant frå kvart parti som ikkje er representert i PT-utvalet, vil utgjera politisk arbeidsgruppe. Leiar av PT-utvalet leier den politiske arbeidsgruppa, og tilrettelegg arbeidet. Arbeidsgruppa arbeider også fram egne merknader og arealinnspeil. Politisk arbeidsgruppe innstiller direkte til Formannskapet. Arbeidsdelinga er nærare omtala i Vedlegg 1.»"

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til planprogram for KPA vert vedteke med følgjande endringar:

-Tilleggspunkt i lista nedst på side 20:

-Kartleggja relevant omsynsbehov for elvemusling som grunnlag for både planar og framtidige tiltak i kommunen, gjerne som del av temaplan for naturmangfald.

-Til pkt. 4.1.: KDP for idrett og fysisk aktivitet må inkludera tilrettelegging for mindre idrettar og uorganisert aktivitet, som t.d. motorsport, hestesport osv..

-Endring av andre avsnitt under 6.1.:

«Dei kommunalt folkevalde skal trekkast aktivt inn i planprosessen. Dette er viktig både for å sikre ein god prosess, men og av di det medverkar til at dei folkevalde får eigarskap til planen. Involvering vil skje gjennom etablering av ei politisk styringsgruppe og ei politisk arbeidsgruppe. Heradsstyret er politisk styringsgruppe, medan medlemmer frå plan- og kommunalteknisk utval (PT-utvalet), samt ein representant med vararepresentant frå kvart parti som ikkje er representert i PT-utvalet, vil utgjera politisk arbeidsgruppe. Leiar av PT-utvalet leier den politiske arbeidsgruppa, og tilrettelegg arbeidet. Arbeidsgruppa arbeider også fram egne merknader og arealinnspeil. Politisk arbeidsgruppe innstiller direkte til Formannskapet. Arbeidsdelinga er nærare omtala i Vedlegg 1.»

**Formannskapet - 041/22**

**FS - behandling:**

**AVRØYSTING:**

Innstilling frå PTU - 1 røyst (1FRP)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak - 8 røyster

**FS - vedtak:**

**Planprogrammet for KPA vert vedteke slik det ligg føre.**

## Heradsstyret - 044/22

### **HS - behandling:**

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

### **HS - vedtak:**

**Planprogrammet for KPA vert vedteke slik det ligg føre, jf. pbl §11-13 med følgjande endringar:**

**-Tilleggspunkt i lista nedst på side 20:**

**--Kartleggja relevant omsynsbehov for elvemusling som grunnlag for både planar og framtidige tiltak i kommunen, gjerne som del av temaplan for naturmangfald.**

**-Til pkt. 4.1.: KDP for idrett og fysisk aktivitet må inkludera tilrettelegging for mindre idrettar og uorganisert aktivitet, som t.d. motorsport, hestesport osv..**

**-Endring av andre avsnitt under 6.1.:**

**«Dei kommunalt folkevalde skal trekkast aktivt inn i planprosessen. Dette er viktig både for å sikre ein god prosess, men og av di det medverkar til at dei folkevalde får eigarskap til planen.**

**Involvering vil skje gjennom etablering av ei politisk arbeidsgruppe. Medlemmene frå plan- og kommunalteknisk utval (PT-utvalet), samt ein representant med vararepresentant frå kvart parti som ikkje er representert i PT-utvalet, vil utgjera politisk arbeidsgruppe. Leiar av PT-utvalet leier den politiske arbeidsgruppa, og tilrettelegg arbeidet. Arbeidsgruppa arbeider også fram eigne merknader og arealinnspeil. Arbeidsdelinga er nærare omtala i Vedlegg 1.»**

#### **Vedlegg 1:**

Pr. 11.5.22

Nærare om arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

I samband med arbeidet med innspel til kommuneplanen sin arealdel er det trong for å presisera arbeidsprosessane.

Planavdelinga er allereie i arbeid med å laga operasjonelle kriteria og tenlege skjema for handtering av innspela. Dette vil gjera den planfaglege handteringa av innspela og tilrettelegginga for politisk handsaming betre og meir prinsipiell. Kriteria vil i særleg grad byggja på Samfunnsplanen, men og på føringar frå sentrale og regionale styresmakter.

Innspelsrunden startar 11. mai med frist 1. august '22, basert på endeleg vedteke planprogram.

Arbeidsdelinga vil vera:

#### **1. Rådmannen/Planavdelinga**

a. Planavdelinga utarbeider silingsskjema med operasjonelle kriterium.

b. Tek imot, vurderer og silar alle innspel ut frå planfaglege kriteria og allereie vedtekne føringar

c. Førebur sakene til politisk handtering etter seinare avtalt arbeidsprosess, dette inkluderer ansvar for gjennomføring av konsekvensutgreiingane, enten sjølv, eller med innleigd kapasitet

#### **2. Politisk arbeidsgruppe**

a. Politisk arbeidsgruppe er samansett av Planutvalet med tillegg av ein representant, med varamedlem, frå dei tre partia som ikkje har faste medlemmer i Planutvalet (V, SV, KrF). Representantar frå Planavdelinga vil og delta i møta. Arbeidsgruppa lagar eigne, offentlege protokollar for kvart møte, men hovudleveransen er ei samla innstilling basert på alle innspel og også eigne vurderingar overfor politisk styringsgruppe, samt konsekvensutgreiingane.

b. Gruppa kjem i første omgang med merknadar til silingsskjema, slik at dette vert eit samstemt grunnlag for Planavdelinga sitt arbeid med innspela.

c. Gruppa set av tilstrekkeleg tid til å handtera innspela og Planavdelinga sine vurdering av desse. Omfanget og tal møter vil avhenga av talet på og kor arbeidskrevjande innspela er.

d. Gruppa gjer i første omgang, basert på Planavdelinga si siling, ei vurdering av kva innspel som skal konsekvensutgreiast og difor verta prioritert i Planavdelinga sitt arbeid, samt kva innspel som allereie ut frå ei første vurdering ikkje er i samsvar med rammer og kriteria.

e. Gruppa gjer i andre omgang ei handsaming av Planavdelinga si samla faglege vurdering og konsekvensutgreiing av prioriterte innspel som underlag for samla innstilling til vidare politisk handsaming, i første omgang i Formannskapet som så innstiller til Heradsstyret.

f. Ved trong for prinsipielle avklaringar i prosessen, vert dette lagt fram for Heradsstyret.

### **3. Heradsstyret**

a. Heradsstyret er prosesseigar for planarbeidet, og handsamar til slutt utkastet til kommuneplanens arealdel, basert på innstilling og dokumentasjon frå Formannskapet, med ordinær høyringsrunde på dokumentet, men utan høve til nye arealinnspel.

### **4. Fullmakt**

a. Ordførar og leiar av Planutvalet har saman fullmakt til å gjera mindre prosessmessige justeringar til desse arbeidsdelingane om det er særleg naudsynt.

## **Saksopplysningar:**

### **Saksopplysningar:**

Framlegg til planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2023 – 2035 har vore på offentleg høyring etter pbl §4-1. Det kom inn i alt 8 merknader.

1. Statsforvaltaren
2. Vestland fylkeskommune
3. Statens vegvesen
4. NVE
5. Forum for natur og friluftsliv i Hordaland
6. Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS på vegne av Ulvsnesøy AS
7. Osterøy Industri- og Næringslag
8. Vaksdal kommune

Merknadane er i full lengde lagt ved som vedlegg. Det er vidare lagt ved eit kortfatta merknadsskjema med Rådmannen sine vurderingar av innspela. Ei generell vurdering er at merknadane gjennomgåande er relevante. Rådmannen har teke somme innspel direkte inn i planprogrammet (som tekst om folkehelse og klimatilpassing), medan andre innspel meir har karakter av utfyllande merknader til det som alt er omtalt i planprogrammet. Desse innspela vil bli teke med inn i arbeidet med KPA om dei vert vurderte som relevante. Innspelet frå Osterøy Industri- og Næringslag er ikkje teke inn i planprogrammet av di Rådmannen meiner at innspelet kan takast inn i t.d. planomtalen i KPA utan å gå vegen om planprogrammet.

Planprogrammet som no ligg føre har bakt inn innspel frå høyringsrunden, men også andre innspel og opplysningar som har kome til sidan høyringsutgåva vart sendt på høyring. Det er óg retta opp nokre faktafeil her og der, samt språklege omformuleringar. I kapitel 3 om medverknad er det lagt til eit avsnitt «Korleis medverke og kvifor», tabell 3.2 om interesseanalyse er teke ut (inngår i revidert form i Medverknadsplan) og erstatta av ny tabell 3.2 Oversikt over medverknadstiltak: Kva, kvar og når. Det er utarbeidd ein eigen Medverknadsplan som meir detaljert viser korleis medverknadsprosessen vert lagt opp.

Endringar gjort i planprogrammet er merka med raud tekst. Det vil bli lagt ved ein versjon av planprogrammet som ikkje har raud tekst. Vedlagte merknadsskjema syner samtlege merknader og tema, samt gir ei kort vurdering av nokre viktige innspel

## **Konklusjon**

Med bakgrunn i saka slik det er gjort greie for rår rådmannen til at planprogrammet for

kommuneplanens sin arealdel vert godteken slik han ligg føre.